



Hordaland fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2015000826-2/2015012630 Arkiv: N - 245 Dato: 14.12.2015

SØKNAD OM TILSKOTT TIL MERKING OG GRADERING 2015

Vi viser til vedlagte søknad om tilskott til Merking og gradering 2015 og takkar for høve til å søkje ekstraordinært no på tampen av året.

Vi håper søknaden er i orden. Dersom det er spørsmål, ta kontakt!

Med helsing

Marit Persen Liknes
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: søknad om tilskott til Merking og Gradering 2015 inkl. pristilbod frå Grafika as
Brev vedr. plan for drift, vedlikehald og grunneigaravtale
Turkart for Sveio
Oversiktskart for Førde, inkl. Lauvneset og Rex Garden

Søknadsskjema

"Merking og gradering på Vestlandet"



Tilskot til tiltak innan: merking og gradering av stiar for vandring, sykkel, ski og padling.

1) Søkjar

Namn/Adresse: Sveio kommune, Kulturavdelinga, Postboks 40

Postnr.: 5559 Poststad: SVEIO Org.nummer: 864967272

Kontaktperson: Marit Persen Liknes Epostadr.: marit.liknes@sveio.kommune.no

Telefon: 53748072 Eventuelle tilskotsmidlar skal overførast til kontonummer: 3240.08.87550

2) Generelt om tiltaket:

Namn på tiltaket: Merking og gradering av turstiar i Sveio kommune

Kommune: Sveio Fylke: Hordaland

Sveio kommune har i løpet av dei siste åra fått tilskott til merking og gradering frå Gjensidigestiftinga. Det er dei mest brukte turane i kommunen vi har prioritert til no. Det vart laga eit nytt turkart i 2014, som vart gitt til gåve til alle husstandar i kommune, i samband med 50-årsmarkeringa for kommunesamanslåinga i 1964. I tillegg til at turane er teikna inn på kartet, er det lagt inn kort omtale av dei om lag 45 turane på baksida av kartet. Sveio kommune har ei målsetjing om at alle turane, skal bli merka med startpunkt og topp- og/eller sluttpunkt, som eit minimum. Vi søker midler til vidareføring av denne merkinga. I tillegg søker vi midlar til merking av eit område på Lauvneset i Førde. Her er det laga ein stor rododendronpark REX GARDEN. I tillegg til hundrevis med rododendron og andre vekstar, er det etablert eit nett med turstiar, leikeområde, det er sett opp fuglekassar og store skulpturar i tre laga av ein lokal kunstnar. Det er eit stigande tal på besøkjande til parken, både lokale og tilreisande. Mange av desse har problem med å finne fram og ein ønskjer derfor å få merka området betre.

Informasjon om lokal prosjektorganisering (Kva aktørar er med):

Sveio kommune vil samarbeide med lokale lag og organisasjonar som Sveio bygdalag, Bjelland Velforening, Sveio turlag, Sveio o-lag, Ørevik 4H, Buaspeidarane, Vandaskog Vel, Førde Bygdalag, når det gjeld merking og gradering av turstiar som er relatert til turkartet. Bygdelaget i Førde er eit særskilt oppegående og aktivt bygdalag. Dei vil vera våre samarbeidspartnarar i arbeidet rundt REX GARDEN,

Total kostnad kr: 199.500

Søknadsbeløp kr: 99.750

(Overført frå pkt. 3)

Planlagt oppstart, veke/år: 13/2016

Planlagt ferdig, veke/år: 50/2016

3) Kostnad/finansiering av tiltaket

Kostnadsoversyn i søknadsåret:

Innkjøp av skilt *	Pris eks mva *	Pris ink mva *	Antall	Total pris
Skilt med 1 tekstlinje km – pil og piktogram				
Skilt med 2 tekstlinje km – pil og piktogram				
A4 tavle liggande eller ståande med gravering kr 790,-				
A3 tavle liggande eller ståande med gravering kr 1031,-				
Tavle med innvendig mål 50 x 70 "Vassenden" kr 1400,-				
Startpunkttafle (liten)				
Startpunkttafle (stor modell)				
Totalt for skilt				
Andre kostnader	Timepris **	Antall	Totalt	
Frakt				
Utarbeiding av gradering og skiltplan				
Utarbeiding av innhald til tavler og startpunkt (inkl. eventuell omsetjing til framandspråk)				
Jobbing i felt				
Videreføring til andre kommunikasjonskanalar (hefter, etc)				
Produksjonskostnadar til tavler og hefter				
Totalt andre kostnader				
Piktogram 50 stk, 50 stolper 60cm, 28 stolper 120cm, trykking av aluminiumsskilt A4 og A3				
Totalt skilt og andre kostnader				

*Prisar for skilt og tavler er basert på prisar frå Asker Produkt

** Fastsatt sats frå Gjensidigestiftelsen

Kostnad for tiltaket. Alle priser basert på pristilbud frå Grafika AS. Ref. Ellen Juell Andersen.

2 stk tavler 200x12 a kr. 31.600	= 63.200
2 stk tavler 50x70 a kr. 19.900	= 39.800
30 stk pilskilt/toppskilt a kr. 500	= 15.000
Hulling av pilskilt a kr. 15 pr skilt	= 450
Kartografi, bearbeiding av informasjon	= 20.000
Dugnad 50t x 250	= 12.500
Mva varer og tjenester	= 17.300
Eigeninnsats 77tt x 450	= 34.950
Sum kostnad	= 199.500

Finansiering:	
Egenkapital	= 20.000
Førde bygdalag, tilskott	= 15.000
Tilskott frå Gjensidigestiftinga	= 99.750
Dugnad	= 12.500
Mva varer og tjenester	= 17.300
Eigeninnsats	= 34.950
Sum finansiering	= 199.500

Finansieringsplan for søknadsåret (Alle beløp i kr. inkl. mva.)

(Marker med kross kva for beløp som er klarerte/innvilga)

Beløp:

<input type="checkbox"/> Søknadssum	Kr. 99.750
<input type="checkbox"/> Eigne midlar:	Kr. 20.000
<input type="checkbox"/> Dugnadsinnsats:	Kr. 12.500
<input type="checkbox"/> Spelemidlar (tippemidlar):	Kr. 0
<input type="checkbox"/> Andre statlege midlar:	Kr. 0
<input type="checkbox"/> kommunen: eigeninnsats	Kr. 34.950
<input type="checkbox"/> Kommunen: mva	Kr. 17.300
<input type="checkbox"/> Anna: Tilskott Førde Bygdelag	Kr. 15.000
Sum:	Kr. 199.500

Kan tiltaket / delar av tiltaket gjennomførast ved mindre tilskot enn omsøkt? Ja Nei Viss ja, korleis?

Ambisjonen vår er å gjennomføra skisserte tiltak, men dette må sjølvsagt justerast dersom vi får mindre tilskott enn det vi søker om.

Er same søknad sendt andre statlege el. Private org.? Ja Nei
Viss ja, kven?

Tidsrom for heile prosjektet (kor mange år): 2011-2016

Total kostnad, heile prosjektet: 199.500

Tidlegare tilskott frå Gjensidigestiftinga kr. 90.000

4) Forventa effektar/verknader av tiltaket

I kva for samanheng er tiltaket viktig: Lokal Regional Nasjonal

Nærare grunngjeving for dette: Turstiane som er tekne med i prosjektet er attraktive og mykje brukte turstiar av lokalbefolkninga. Utover lokale brukarar forventar vi auka bruk av hytteeigarar og turistar når startpunkta for stiane blir betre merka. Vi trur at sjølve prosjektet vil gje turstiane og friluftslivet i Sveio auka merksemd og dermed auka bruk. Ettersom REX GARDEN blir betre kjent i distriktet, forventar vi auke i besøkstal til dette området i Sveio.

Talet på potensielle lokale brukarar: *

Potensiell bruk i reiselivssammenheng, tal turistar: *

Kan området lett nåast utan bruk av bil? Ja Nei

Viss ja, korleis? Til fots/på sykkel frå buområde Med kollektivtrafikk Anna: Båt

*Det er vanskeleg å estimere tal både for lokale brukarar og potensielle brukarar i reiselivssamanheng, men i Sveio kommune er det no 5.000 innbyggjarar. Her er mykje hytter i Sveio. Sveio ligg lageleg til å forhold til to regionar Sunnhordland og Nord-Rogaland. Mange i desse regionane og turistar som besøker regionane nyttar naturen i Sveio. Ryvarden Kulturfyr åleine rekner omlag 30.000 besøkjande i året.

5) Området der tiltaket er lokalisert

Namn på området: Sveio kommune generelt (jmfr. nytt turkart for Sveio) og REX GARDEN, Lauvneset i Førde spesielt.

6) Eigedomstilhøve/sikringsstatus

Eigedomstilhøve:

- Statleg eigedom
- Fylkeskommunal eigedom
- Interkommunalt friluftsråd sin eigedom
- Kommunal eigedom
- Privat eigedom (ikkje eigd av søkjar)
- Privat eigedom (eigd av søkjar)

Sikrings-/vernestatus:

- Sikra område for friluftsliv
- Verna etter naturvernloven
- Bruksavtale turveg (minimum 40 år)
- Bruksavtale tursti (minimum 40 år)
- Annan avtale:
- Anna: *
- Ingen sikrings-/vernestatus

- Alle turstiene i prosjektet ligg merka av i Turkart for Sveio, der ein då kartet vart laga innhenta avtalar med grunneigarar om vidareføring av bruk av området til turformål (frå avtalar som vart gjort i samband med produksjon av Opplevingskart for Sveio 1985) og fekk aksept for at desse vart teikna inn på kartet. REX GARDEN er i privat eige. Søknad om tiltak i dette området er gjort etter avtale mellom Førde Bygdelag og grunneigar.

7) Vedlegg som skal følgje søknaden:

For alle søknader skal følgjande dokumentasjon leggjast ved søknaden:

1. Oversynskart i M 1:50 000 (Norge) som viser plasseringa av området.
2. Detaljplan/skisse for tilretteleggingstiltaket, gjerne i målestokk 1:1000 – 1:10 000.
3. Enkel skiltplan (oversyn over plassering og antal)
4. Plan for drift og vedlikehald (med ansvarsfordeling)

8) Reikneskaps- og rapporteringsplikt

Søklarar som får innvilga tilskot er forplikta til å levere reikneskap og rapport etter dei retningsliner som blir formidla gjennom tilsagn.

Dersom søknaden ikkje er fullstendig utfylt eller manglar vedlegg, kan det ikkje ventast at han blir handsama.

Dato: 14.12.15

Underskrift:

Pål W. Frøsk

Sveio kommune
v/Marit Liknes

Brygga 20, 2317 Hamar
Telefon: 468 11 000
E-post: ellen@grafika.no
Bankgiro: 1822.07.79951
grafika.no

22.10.15

Kostnadsoverslag på utforming og produksjon av infotavler og produksjon av skilt:

Vi takker for forespørselen og oversender vårt kostnadsoverslag etter følgende spesifikasjoner:

Kulturminnetavler med stenderstativ:

Format: **70 x 50 cm, 150 x 90 cm, evt. 200 x 120 cm**
Farger: 4+0
Innhold: Tekst, fotografier, logoer og øvrige elementer som Turakiltprosjektet krever (vi vet hva)
Design: Utarbeides av oss, i tråd med manualen for Turakiltprosjektet
Tekst: Digitalt ferdig korrekturlest fra dere.
Fotos: Digitale i høy oppløsning, vi justerer fargene
Materiale: Printet på hvit flerårsfolie som UV-lamineres og klebes på aluminiumsplate
Stenderstativ: Se kort beskrivelse på side 3.
Betongfundamenter skaffes enklest lokalt. Det er dyrt å sende betong, som da vil bli en egen kolli. Dette er standard produkter og koster fra 300-600 kr/x avhengig av størrelse.

Priser tavler:	70 x 50 cm, 1. tavle	kr 11.000	Pris/følgende tavle i samme format	kr 7.800
	150 x 90 cm, 1. tavle	kr 17.900	Pris/følgende tavle i samme format	kr 12.900
	200 x 120 cm, 1. tavle	kr 19.500	Pris/følgende tavle i samme format	kr 14.500

Disse prisene baserer seg på erfaringer.

Priser stativ:	70 x 50 cm	kr 5.400	(pr/x ved produksjon av 1-4x)
	150 x 90 cm	kr 6.400	(pr/x ved produksjon av 1-6x)
	200 x 120 cm	kr 8.600	(pr/x ved produksjon av 1-4x)

Prisene forutsetter rasjonell produksjon

Kart: Digitale vektoriserte og redigerbare kan kart leveres av oss. Ett kartuttak koster inkl. startkostnad kr 3.500,-. Pris pr. følgende uttak i samme ordre er 1.400. Kartografien, inntegning av stier, plassering av pictogrammer m.m. utføres av oss, fra gpx-fil eller skjermdump. Dette arbeidet må foregå etter nærmere avtale/medgått tid fordi arbeidsmengden/kompleksiteten er svært varierende.

Priser kart: Her anbefaler jeg at dere legger inn et beløp på ca. 20.000 kroner til kart og kartografi.

Retningsskilt i metall:

Innhold:	Pil, stedsnavn, distanse og pictogram og ansvarshavende
Materiale:	3 mm aluminium
Format:	Variabel lengde x 12 cm (maks. 65 cm, unntaksvis 70 cm)
Ferdiggjøring:	Avrundede hjørner. Folien påføres platen maskinelt ved meget høyt trykk for å tilfredsstille de høye/strengte kravene vi har til trafikkskilt. Skiltene er vedlikeholdsfrie.
Forside:	Printet folie med UV-laminat
Bakside:	Belagt med UV-laminert folie i samme farge som bunnfargen på forsiden.
	Retningsskiltene leveres også som refleksskilt (nytt for de som bruker hodelykt, sykkellykt eller måneskinn).
Pris:	Uten refleks kr 500 pr. stk, 1 eller 2 linjer tekst Med refleks kr 540 pr. stk, 1 eller 2 linjer tekst Pilskilt uten refleks 25 cm kr 290 pr. stk, kun pil og pictogram Pilskilt med refleks 25 cm kr 320 pr. stk, kun pil og pictogram
Pris hulling:	Kr. 15 pr. skilt (2 eller 4 hull sentrert i hvert skilt)

Tillegg:	<ul style="list-style-type: none">• Diverse ønskede endringer• Anti-grafitti-laminat kan fåføres dersom tavlene skal plasseres i utsatte områder• Innkjøp av evt. fotos og illustrasjoner• Scanning av bilder• Illustrasjoner• Oversetting• QR-koder
-----------------	--

Holdbarhet:	Tavler: Minimum 7 år Erfaringene tilsier at holdbarhetstiden er betydelig lenger enn det som her er oppgitt. De første tavlene vi leverte i denne teknikken ble utplassert i 2001 og 2002, og de står fortsatt ute. Siden da har teknologien, maskiner og fargestoff gjennomgått en betydelig utvikling.
--------------------	---

Stenderstativ:	Se foto av stenderstativ på grafika.no. eller skisser på siste side. Pris fra 5-9.000 kr. avhengig av størrelse. Betongfundamenter leveres i tillegg.
-----------------------	---

Arkivering:	Alt tilsendt materiell blir tatt vare på slik at det enkelt kan benyttes ved senere anledninger, som fornyelser, endringer og videreutvikling av prosjektet ved f.eks. flere informasjonstavler, utarbeidelse av trykksaker som turkort, turbøker, brosjyrer mm.
--------------------	--

Referanser:	Se grafika.no
--------------------	---------------

Alt arbeid utføres i tråd med Turskiltprosjektets manual, som er utarbeidet av oss. Det samme gjelder DNT sitt samarbeid med Riksantikvaren om Historiske vandreruter
Det er spesielt hyggelig å kunne fortelle at vi aldri har mottatt reklamasjon på noen av våre skilt eller tavler.

Om oss kan det sies at vi har lang erfaring da firmaet i 2013 rundet 30 år. Vi er løsningsorienterte, leveringsdyktige og yter en høy grad av service. Grafika har levert grafiske produkter til fylkesmenn, fylkeskommuner, kommuner, næringsliv, lag og foreninger gjennom 30 år.

Prisene er ekskl. mva. og er gyldig i 2 mnd. Vi viser for øvrig til NHO Grafisk sine salgs- og leveringsbetingelser. Det tas forbehold om evt. endringer i råvareprisene. Dersom forutsetningene endres underveis vil dette kunne påvirke prisene opp eller gjerne ned. Vi håper tilbudet er tilstrekkelig detaljert. Skulle noe være uklart står vi selvsagt til tjeneste med ytterligere opplysninger.

Med vennlig hilsen


GRAFIKA AS

Ellen Juell-Andersen


Daglig leder
Grafisk designer
grafika.no

150 x 90 cm

70 x 50 cm



200 x 120 cm



Kort beskrivelse av stativene

- Alle rør/stolper har en diameter på 60 mm
- Rørene/stolpene lakeres i RAL-farge
- Tavleplata blir festet til firkantør over og under.
Disse firkantørene er festet til stolpene, og er lakkert i samme RAL-farge.
- Betongfundamenter med låsering kan leveres. Prisen er avhengig av vekt.
- Skiltplata i A3 vil få lett avrundede hjørner. Her blir det benyttet klavefester.

Vår ref.: 2015000826-1/2015012626 Arkiv: N - 245 Dato: 14.12.2015

VEDR. PLAN FOR DRIFT, VEDLIKEHALD OG GRUNNEIGARAVTALAR

Vi viser til søknad om midlar til merking og gradering av turstiar og område i Sveio 2015.

Sveio kommune er hovedaktør i prosjektet, og kjem til å ha eit overordna ansvar for drift og vedlikehald av turstiane, skilta og tavlene. Kommunen kjem til å ha eit samarbeid med lokale lag og organisasjonar om dette. Når det gjeld REX GARDEN, vil Førde bygdelag ha ansvaret for drift og vedlikehald.

All turstiane vi har teke med i søknaden, ligg i det nye turkartet for Sveio som var laga i 2014. Dette kartet vart laga på grunnlag av Opplevingskart for Sveio som vart produsert tidleg på 80-talet. Det er opparbeida sedvane når det gjeld bruk av områda som turmåla, som gjennom åra har vore rydda, merka og brukt. Vi ber igjen om forståing for at avtalane som vart inngått den gong, ikkje fysisk vert lagt ved. Det vil vera eit omfattande arbeid for oss å spore desse avtalane i arkivet.


Marit Persen Liknes
Rådgjevar



Førde - midt i Sveio

Inst i Førdespollen ligg den idylliske bygda Førde, med lett tilgjenge frå hovudferdsleåra E39. Eller du kan besøka Førde med båt og gå i land på kaien, der ei ny båthamn og ein triveleg kafe ønskjer velkommen. Bygda har nærbutikk, flott badeplass, og eit nettverk av turstiar.



Sveio
kommune



FØRDE

Turstiar

Førde bygdelag har opparbeidd eit nett av turstiar i sentrum av bygda. Samtlige er grusa og tilgjengelege med rullestol eller barnevogn. Det går òg stiar til nokre sentrumsnære fjelltoppar med vidt utsyn over bygda og sunnhordlandsbassenget. Sjå nærare informasjon om turstiane på baksida.

(1) Strando/Prestabryggjo

Den gamle prestegardsstranda er opparbeidd til eit flott bade- og aktivitetsområde i bygda. Her er det langgrunt og barnevenleg. På land er det sandvolleyballbane, grillhytte og toalett. Elvestien og stien til Lauvneset og rhododendronparken Rex Garden går forbi Strando.

(2) Kaien AS kafe og båthamn

Kafelokala på kaien blei rusta opp og nyopna i 2013. Sams-tundes blei kaiområdet utbygd til ei moderne gjestehamn med bunkring og andre fasilitetar. www.kaienas.no

Førde kyrkje (3)
 Førde kyrkje frå 1938 er ei kvit murkyrkje som ligg på Myklavoll, aust for hovudvegen. Kyrkja er teikna av arkitekt Torgeir Alvsaker og har 240 sitjeplassar. Prestegarden frå 1870 ligg like ved.

Rex garden (4)
 Rhododendronparken er ein spesiell naturpark med 1000 Rododendron og andre planter. Nokre av desse finst berre her, i Norge.

Dei fleste plantane er importert frå Skottland. Rododendron Rex, som parken har namnet frå, er og vil bli planta ut i parken i store mengder. Sortar som Rex ssp. *Filctolactueum* er ein av mange ulike Rex-planter som finnes i parken. Der vert opparbeidd eigne avdelingar for *Azalea Deciduous*: Albrechti, Ben Lawers, Klondyke med fleir.

Det vil òg bli planta ut staudar, buskar og tre som trivst i furuskogen som er det beste



jordsmonn og vekstvilkår for Rododendron og slektningar. Parken vil vere i stadig utvikling. Nye område i parken og rundt om i bygda vil bli planta etter

kvært. Treskulpturar i parken er laga med motorsag av den lokale kunstnaren Kenneth Ravn Ottessen. Initiativtakar: Olav Furre. Opna i 2014.

Turløyper

Elvastien, Lauvnesstien og Kyrkjestien
 Turvegane går gjennom gamle, frodige kulturlandskap med mange minner frå tidlegare tider, og alle er tilgjengelege med rullestol og barevogn. Start frå "Sidespranget" (5) nedanfor butikken i sentrum, ved kyrkja (3), eller frå parkeringsplassen ved Strando (1). Ved Kyrkjestien (6) finst rester av første kraftverket i bygda Lauvnesstien (7) går nordover frå Strando og forbi Rex Garden (4), til det nye byggjefeltet på Lauvneset.

Kjærlighetsstien (8)
 Denne stien ligg på vestsida av bygda. Ta til venstre opp bakken rett før kafeen på kaien, følg turvegen langs sjøen og vidare opp mot hovudvegen.

Dreng (9)
 Fjelltoppen Dreng (272 moh) ligg like nord for Førdebygda. Frå den skogkleddet toppen er det fin utsikt over bygda og Førdespollen. Turen tek 0,5 - 1 time på skogsveg/merka sti, som startar ved Førde samfunnshus. Her er det òg parkeringsplass og startpunkttafle. Turen er skilta etter nasjonal standard og er teikna inn på turkartet for Sveio. Gradering: Grøn (lett)

Lierfjellet (10)
 Toppen av Lierfjellet (242 moh) kan nås frå tre kantar: Med start frå E39 gjennom Førde (parkering ved Førde skule), frå Banddalen på vegen mot Erve, eller frå gardane på Lier. Turane startar på traktorveg og held fram på god sti mot toppen. Skilta frå Førde og Banddalen.

